

315

KV/TSP



Eikesdal Sameige
v/ Rune H. Finnset
6472 EIKESDAL
Tlf 71234536 / 95930145

200709470-19

Til

Eikesdal 26.09.09.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Innspel til Vilårsrevisjonen for Aurautbygginga, frå Eikesdal Sameige

Eikesdal Sameige er sterkt bekymra for utviklinga i Aura-vassdraget med stadig synkende vasstand, også etter at Aura-utbygginga vart slutført.

Det er fleire årsaker til dette, og det er nokre moment vi vil minne spesielt om:

For det første vil vi gjere merksam på at Aura sitt elveløp vart førebygd frå Finnset og nedover forbi Sæter på slutten av 1970-talet. Elveløpet vart då flytta og totalt endra. Elvebotnen vart heilt oppgravd og gjennomarbeidd, noko som utan tvil har medført lekkasje i grunnen. Dette har forsterka effekten av redusert vassføring i elva i samband med Aurautbygginga, og bør reparerast.

For det andre var sist gjennomførte renovering av Aursjødemninga svært vellykka med tanke på å redusere lekkasje mot Eikesdal. Aura hadde fram til den siste reparasjonen noko vassføring pga lekkasjen. Det er no heilt slutt på denne lekkasjen, som har komme Aura-vassdraget til gode i dei 50 åra som har gått sidan utbygginga. No er elva så godt som heilt tørlagt frå demninga og ned til Finnset. Dette får sjølvstgatt konsekvensar for naturmiljøet i heile vassdraget, mellom anna for den fiskestammen som lever nedstrøms av Aursjødammen.

For det tredje er handsaming av overløp endra, også dette til det verre for Auravassdraget. Overløp frå Aursjøen blir no sendt ned Torbudalen, altså på Sunndalssida. Kapasiteten på tunnelen ned til Sunndal er i tillegg sprengt. Vi meiner at Aura er det naturlege vassdraget for å ta unna overløp, og at overskotsvatnet hovudsakleg skal sendast ned på Eikesdalssida.

Dette er eksempel på moment som kvar for seg er "små" inngrep, men som gjer at dei negative konsekvensane av Aurautbygginga på Eikesdalssida av Aursjødemninga er blitt enno sterkare også i seinare tid, lenge etter utbygginga. Dei negative faktorane og konsekvensane er her store nok frå før.

Mellom anna ser vi at botnvegetasjonen i "Sundet" ved Sæter, som har vore friskt grøn, no er død utanom i sjølve elveløpet, der det framleis er litt straum i vatnet. Dette er noko heilt nytt.

Vassdraget treng tiltak for at konsekvensane ikkje skal bli enno større enn dei alt er.

Eit tiltak som kan avhjelpe negative konsekvensar for Aura elv, er kraftstasjon framanfor Finnset. Eikesdal Sameige stiller seg derfor positive til forslaget om kraftstasjon ved Per-Nilse-spranget.

Dette forslaget vil sjøvsagt ikkje avhjelpe problema med total tørlegging mellom Aursjødemninga og ein evt. kraftstasjon, så det må i tillegg komme eit pålegg om minstevassføring.

Det blir vist til at Statkraft vil tape fallhøgde ved å sende vatnet gjennom ein kraftstasjon på Finnset, sett i forhold til dagens utnytting av vatnet. Vi tillet oss derfor å gjere merksam på ein vassressurs i takrenneprosjektet som Statkraft no ikkje nyttar, og som kan kompensere for eit evt. tap ved pålegg om å bygge kraftstasjon på Finnset:

Vatnet som renn ut frå Høvelbotrvatnet renn no gjennom ein tunnel som sender vatnet vidare ut i ein kunstig foss i ei fallhøgde på 275 m fritt ut over ei fjellside og ned i Gravdalselva. I dagens kraftsituasjon syns vi dette er sløsing med allereie regulert vatn. Dette vatnet kan utnyttast betre utan fleire negative konsekvensar for naturen og vassdraget enn det som alt er tilfelle i dag. Det burde ikkje vere noko problem å etablere ein kraftstasjon i Gravdalen for å utnytte fallhøgda til dette vatnet betre, før det renn inn i Takrenneprosjektet igjen lengre nede. Her kan Statkraft sannsynlegvis tjene inn att det økonomiske tapet eit pålegg om kraftstasjon på Finnset og minstevassføring i Aura vil gi.

Eikesdal Sameige ber NVE om at arbeidet med å få til ein kraftstasjon framanfor Finnset og ei minstevassføring i Aura blir prioritert svært høgt.

Med helsing

Eikesdal Sameige

Rune H. Finnset

Rune H. Finnset (formann)

Kopi sendt i flg. liste.

Kopi til:

Nesset Kommune, v/ ordfører Rolf Jonas Hurlen, 6460 EIDSVÅG

Sunndal Kommune, v/ vararordfører Knut Reinset, Postboks 94, 6601 SUNNDALSØRA

Lesja Kommune, v/ordfører Per Dag Hole, 2665 LESJA

Den interkommunale styringsgruppa for vilkårsrevisjonen av Aurareguleringane, Kommunehuset, 2665 LESJA

Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 LILLEHAMMER

Møre og Romsdal Fylke, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Oppland Fylkeskommune, Kirkegt 76, Serviceboks, 2626 LILLEHAMMER

Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 TRONDHEIM

Dovrefjellrådet, Postboks 94, 6601 SUNNDALSØRA

Nesset Fjellstyre v/ Dag Ringstad, 6470 ERESFJORD

Lesja Fjellstyre, 2665 LESJA

Sunndal Fjellstyre, Postboks 57, 6600 SUNNDALSØRA

Eikesdal Bygdalag v/ Olav Finnset, 6472 EIKESDAL

Eira Elveeigarlag v/ Per Even Opsal, 6470 ERESFJORD

Snøhetta og Knudshø Villreinnemnd v/ Eli Grete Nisja, Oppdal Kommune, 7340 OPPDAL

Landssammenslutninga for vassdragskommunar, Postboks 1148 sentrum, 0104 OSLO

Møreforskning v/Lasse Brein, Britvegen 4, 6411 MOLDE

Statkraft Energi, 200 Lilleaker, 0216 OSLO